

Noregs vassdrags- og energidirektorat
v/ Frank Jørgensen
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 24. mars 2015

Fråsegn gjeldande søknad om Boge 3

Vi viser til brev 15. januar 2015 frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjeldande søknad om etablering av Boge 3 (NVE saksnummer: 201300315). Tiltakshavar for prosjektet er Boge Kraft AS.


Bergen og Hordaland Turlag er Vestlandets største frilufsorganisasjon med om lag 26.000 medlemmer. Bergen og Hordaland Turlag skal arbeide for eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv. Vi arbeider også for natur, kultur og miljøvern på områder med tilknytning til laget si verksemd. Bergen og Hordaland Turlag har både natur- og frilufsinteresser i området som no er aktuell for eventuell utbygging.

Vassføring og landskap

I prosjektområdet eksisterer det materielle og immaterielle kulturminner. Prosjektet går ut på ei justering og omdanning av vassdragsregulering som er knytta til den tidlege industrialiseringa på Vestlandet. Oppdemminga av Krossatjørnane var opprinneleg knytta til møllebruket på Boge.¹

I prosjektet Boge 3 ønskjer utbyggjar å nytta seg av dei regulerte vatna Krossatjørnane/ Krossatjørnane og Svartavatn til kraftproduksjon i Boge vassdraget. Krossatjørnane renn i dag til Boge vassdraget. Utbyggjar ønskjer også å overføra alt vatnet i Krossatjørnane til Svartavatnet. Tiltaket er planlagt med eit borehol á 2,1 km frå kraftstasjon ved Boge vatnet og opp til Svartavatnet. I dag renn det ei elv frå Svartavatnet og ned i Austmannagjelet. I Austmannagjelet renn elva frå Svartavatnet saman med elva i Austmannagjelet. Tiltakshavar har føreslått ei minste vassføring på 6,5 l/s i elva ned til Austmannagjelet. Det er estimert at dette vil utgjera ei fråføring av vassvolum på 3,8 millionar m³ / år i Vaksdal vassdraget. Om dagens bruk av Svartavatn-magasinet vert det skrive i NNI-rapport nr. 415: ”Reguleringa av Svartavatnet er lite dokumentert, men over tid har praksis vært at tappeluka har vært åpen gjennom vinteren og i vårflommen. Tappeluka er ellers stengt i perioder på sommeren, men også åpen i perioder med lite nedbør. Tappeluka stenges på høsten for å sikre at magasinet er fullt før vinteren. Dette medfører at elven fra Svartavatnet ikke har naturlig vannføring, og har ikke hatt det de siste 30 årene. I perioder med lukket tappeluke, typisk om sommeren, er det bare restvassføring som renner i elven fra Svartavatn og ned i Austmannagjelet. Når tappeluka er åpen er det fast Vannføring i denne elven og variasjonene i avrenning påvirker nivået i magasinet/Svartavatnet”. Fagutgreiingsrapporten vurderer at eit minste vassføringsregime på 6,5 l/s vil føra til mindre dynamikk. Dersom elvelaupet gror igjen, føreslår fagutgreiar spyleflommar som eit avbøtande tiltak.

I prosjektet "Overføringer til Herfangen: Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjørna" (NVE saksnummer 201203082) er det foreslått ein ytterlegare reduksjon av vassføring i Vaksdalsvassdraget. Til saman vil desse to prosjekta påverke landskapet og opplevingsverdien av Lonane. Vaksdalsvassdraget er eit synleg landskapselement, og delar av DNT-turstien gjennom Herfindalen går parallelt med vassdraget. Vi kan ikkje sjå at prosjektet Boge 3 og prosjektet "Overføringa til Herfangsvatnet: Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjørna" har presentert ei vurdering av samverknaden av total redusert vassføring i Vaksdalsvassdraget. Det er også ulike bruk av datagrunnlag for utrekning av hydrologien i området i desse to prosjekta. Vi føreset at sakshandsamarane hjå NVE samarbeider om ei slik vurdering, og eventuelt at tiltakshavarane vert bedt om å samarbeide om å leggja fram ein tilleggsrapport som vurderer samverknader og påverknad på hydrologien. Slik prosjekta er lagt fram no er det ikkje tatt omsyn til samverknaden for vassføring i Vaksdalsvassdraget, konsekvensar for landskap, konsekvensar for opplevingsverdien for regionalt og lokalt friluftsliv. Vi føreset at det må leggjast til grunn vurderingar som er tufta på samverknad, og ikkje på utrekningar og estimat som isolert er gjort for kvart enkelt prosjekt.




Bilete 1 Tursti "Herfindalen – Høgabu". Utsnitt frå området kring Lonane. Samverknaden av dei føreslåtte prosjekta Boge 3 og "Overføring til Herfangen: Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjørna" vil føra til ei redusert vassføring i Vaksdalsvassdraget.

Austmannagjelet inngår i eit område som strekkjer seg frå Vardane, Bogaskaret, Austmannagjelet, Såtefjellet og området kring Herfangen som er å rekna som "Sårbart høgfjell" av "Stor verdi", jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021. Austmannagjelet er ein bratt V-dal og ender i ei rasmark mot Herfindalen. I fagrapporten

NNI nr. 415 for Boge 3 står det: ” Naturlandskapet, den terrestre natur og det akvatiske miljøet knyttet til Svartavatn og elven gjennom Austmannagjelet, er ikke kartlagt mht biologisk mangfold. Det foreligger heller ikke kjent naturinformasjon fra dette området fra før. Verdier knyttet til biologisk mangfold, naturtyper og arter, er derfor ikke vurdert for denne delen av influensområdet”. Fagutgreiar presiserer at Austmannagjelet ikkje er kartlagt: ”Avsnittet fra Svartavatn til Austmannagjelet, samt denne eroderte V-dalen (selve gjelet) er ikke kartlagt med hensyn til biologisk mangfold, dvs. naturtyper og artsforekomster. Austmannagjelet har karakter av naturtypen bekkekløft (jfr. DN 2007), beliggende i overgangssonen skog-fjell. Vannføringen i elven er imidlertid påvirket av tidligere etablering av Svartavatn som magasin, dvs. lokal biomangfold, for eksempel. fuktighetskrevende plantesamfunn er i en påvirket tilstand, uten at samfunn og arter er kjent. Ut fra naturtypen karakteristikk, lokalisering og tilstand, vurderes den foreløpige BM-verdien til liten til middels verdi”. I 2005 vart det gjennomført ei kartlegging av naturtyper i Vaksdal kommune. I denne rapporten vert det skrive: ”I Vaksdal er bekkekløfter utbreidd som ein følgje av den steile topografien. Fleire av kløftene er tungt tilgjengelege. Tre lokalitetar er registrerte under denne kartlegginga”.² Austmannagjelet er ikkje nemnt i kartlegginga frå 2005.

I dag er det inga minstevassføringsregime i Vaksdalsvassdraget. I vassforvaltingsplan for vassregion Hordaland er det føreslått ei problemkartlegging av vassdraget og det er også føreslått å ta opp vassføringsregimet etter vassressurslova § 66 i høyringsutkastet. Når nye prosjekt vert føreslått i eit vassdrag som allereie er sterkt modifisert er det naturleg å vurdere om dette er foreinleg med vassforskrifta §§ 5 og 12. I så fall bør det leggjast til grunn vilkår som gjer at Vaksdalsvassdraget kan oppnå eit godt økologisk potensial i tråd med vassforskrifta § 5.

Vi vil gjera merksam på at Hordaland fylkeskommunale har gjennomført ei fullstendig kartlegging og verdisetting av landskapet i fylket etter NIJOS-standard.³ Bogadalen er rekna som landskapsformen ”Sprekkedal” og er verdisatt til ”Middels verdi” (jf. kart 1).⁴ Herfindalen er rekna som landskapsforma ”Elvegjel”.



Kart 1 Utsnitt frå Vaksdal kommune. Kjelde: Kartlegging og verdsetting av landskapstypar i Hordaland etter NIJOS-standard.

Regionalt friluftslivområde

I "Område for friluftsliv: Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland" (Fylkesmannen i Hordaland/ Hordaland fylkeskommune 2008) er området "Herfindalen – Bogaskaret" vurdert som "Viktig" (Verdiklasse B) for friluftslivet. DNT-merka sti i Herfindalen er ein del av eit større, samanhengende nettverk av DNT-stiar som bind saman Vaksdals-, Bergsdals-, Kvamma- og Vossefjella. Turstien fører til eit område som er klassifisert som "Svært viktig" (Verdiklasse A) i den regionale kartlegginga frå 2008. Området er godt tilrettelagt for friluftsliv. Det er også eit nettverk av umerka stier i området. Prosjektet Boge 3 vil ha verknad på vassføringa gjennom Austmannagjelet og ved Lonane. Ved Lonane nedstraums fossen renn elva frå Austmannagjelet inn i Vaksdalselva. Både Austmannagjelet og Vaksdalselva er godt synleg frå DNT-merka tursti, og er ein viktig del av landskapsopplevinga.



Bilete 2 DNT-merka tursti frå Herfindalen – Høgabu. Bilete frå stien ved Buhelleren i nærleiken av Buhellervatnet og Lonane.

Influensområdet kring Lonane og DNT-merka tursti er kjent og omtala i friluftslivlitteraturen. Noko som også markerer at dette er eit tilgjengeleg og populært område for fotturar til fjells. Turar gjennom influensområdet er skildra i ”Til fots i Norge” (Utgjeve av Den Norske Turistforening, 2000), sjå kap. 13, s. 181 som skildrar rute 601 Høgabu – Vaksdal: ”Frå hytta sørvestover langs vassdraget. Ved enden av det siste vannet litt opp til små tjern, utover langs fjellryggen og ned til Herfangen, langs nordsiden av dette, under høyspentlinjen og opp på en flate med fleire tjern, forbi Buhellervatn og ned Budalen. Bro over elva før stien tar bratt ned gjennom lia til Herfindalen. Stien er frå gammelt kalt Fantestien”. Forfattaren Sveinung Klyve skildrar i boka ”Turar i Vaksdal: 13 turar i Vaksdal kommune” (utgjeve av Vaksdal kommune, 2007) tur frå Herfindalen – Fossen og til Herfangen. I boka ”Sjelebot: 33 tur- og naturperler i Hordaland” utgjeve på Selja Forlag (2013) skildrar forfattaren Knut Langeland vinterskitur frå Herfindalen til Høgabu og Bergsbukken, ss. 63 – 68. I brosjyra ”Skiturer i Bergsdalen” frå Bergen og Hordaland Turlag er dette også skildra som ein fin vinterskitur: ”Det er også en fin tur å gå fra Høgabu til Vaksdal (tog). Turen går sørvestover mot Herfangsdalen og følger sommertraseen ned til Herfindal”⁵.

Sesongen 2012 var det auka bruk av hyttene i Bergsdalsfjella og Kvammafjella i forhold til tidlegare år. Alle hyttene i Bergsdalen og Kvammafjella opplevde ei auke i hyttebesøk samanlikna med 2011: Høgabu +18,24 %, Alexander Grieg +6,73 %, Kiellandbu +5,74 % og Vending +11,65 %. I 2013 har Sesongen 2013 har det vore ei auke i forhold til 2012 særleg for Høgabu +0,5 % og Vending +11,80 % i høve 2012. Den 1. juli 2013 opna hyttetunet Breidablik med ein overnattingsfrekvens på 5,6 overnattingar per døgn (staden har 14 sengeplassar). Sesongen 2012 hadde hyttene i Bergsdalsfjella og Kvammafjella eit samla besøkstal på 4949 og i sesongen 2013 eit besøkstal på 5272. Når vi vurderer desse registrerte

besøkstala må vi hugse på at dette berre utgjer ein liten del av den reelle og faktiske bruken av området. Vår turinformasjon i Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen, mottek mange førespurnader om området og ønske om å få turforslag i området. I den samanheng kan nemnast at turkartet "Kvamskogen og Bergsdalen" er solgt i 2750 eksemplar berre sidan 2007 berre i Turlaget sin turinformasjon åleine. Gullhorgabu som vart opna 22. juni 2014 har i laupet av første sesong hatt over 2000 besøkande.

Lokalt friluftslivområde

Området kring Lonane er eit viktig lokalt friluftslivområde. Influensområdet til prosjektet Boge 3 gjeld også området kring Bogeavatnet og lokale friluftslivinteresser i dette området. Området kring Bogeavatnet har også verdi i lokal friluftslivsamanhang, og det går også sti frå Bogeavatnet gjennom Bogadalen – Bogaskaret, og vidare til Dyrhovden og Øvrebo i Samnanger. Vegen opp til Bogavatnet har ført til økt bruk av området i lokal friluftslivsamanhang. Det er difor svært viktig at det vert gjort greie for området sin karakter i høve planar om ny veg, planlagt anleggsverksemd og planlagt oppsett av straumtilkopling. Det er går også umerka stier langs Krossatjørnane og Svartavatnet, og det er høve til å ta seg vidare mot Herfangen ved å følgja stier på fjellplataet. Området "Herfindalen – Bogaskaret" er vurdert som "Viktig" (Verdiklasse B) i den regionale friluftslivkartlegginga.⁶ I "Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv: En satsing på friluftsliv i hverdagen" (T-1535) er det signalisert fire hovudmål: "1) Alle skal ha mulighet til å drive friluftsliv som helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig aktivitet i nærmiljøet og i naturen ellers. 2) Områder av verdi for friluftslivet skal sikres og forvaltes slik at naturgrunnlaget blir tatt vare på. 3) Allemannsretten skal holdes i hevd. 4) Planlegging i kommuner, fylker og regioner skal medvirke til å fremme et aktivt friluftsliv og skape helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlige nærmiljø". Ei viktig målsetjing i denne strategien er å få kartlagt og verdisatt lokalt viktige friluftslivsområder i heile Noreg innan 2018. Vi vonar difor at Noregs vassdrags- og energidirektorat vil vektleggje bruken av influensområdet i lokal samanheng i tråd med den nye rettleiaren M98:2013 "Kartlegging og verdsetting av lokalt viktige friluftslivsområder" (2014). Influensområdet inngår i eit lokalt viktig friluftslivområde. I lokal samanheng er området nytta til dagsturar, skuleturar og utfartsområde for lengre turar i Bergsdalsfjella og Vaksdalsfjella. Lonane og Lonastølen er i lokal samanheng rekna som eit familievennleg nærtuområde. Området er i lokal friluftslivssamanhang rekna til å ha stor verdi. Fritids- og sportsfiske er også ein del av friluftslivet. I influensområdet er det gode moglegheiter for å utøve denne aktiviteten. Det er utgitt eit fiskekart, som også gjeld vatna i influensområdet, og kor målet har vore å tilgjengeleggjera fiskemoglegheitene i friluftslivområdet.⁷



Bilete 3 Fossen ved Lonane sett frå DNT-merka tursti Herfindalen – Høgabu. Tapperegimet i Fossavatnet og redusert vassføringsvolum til Fossavatnet (NVE saksnummer 201203082) vil ha verknad på vassføringa i Fossen ved Lonane.

Konklusjon:

1. Prosjektet Boge 3 vil føra til redusert vassføring i Vaksdalsvassdraget. Vaksdalsvassdraget i Herfindalen er ein del av eit friluftslivsområde med regional og lokal tyding. Vi meiner at friluftslivbruken av området ikkje er gjort tilstrekkeleg greie for, og ber tiltakshavar om å gjera ei ny vurdering av dette temaet.

2. Det går sti vidare opp Bogadalen mot Bogaskaret. Området ”Bogaskaret – Herfindalen” er rekna som ”Viktig” i regional friluftslivsamanhang. Området kring Bogavatnet er viktig for lokalt friluftsliv. Vi meiner at friluftslivbruken er undervurdert og ikkje gjort tilstrekkeleg greie for, og ber tiltakshavar om å gjera ei ny vurdering av dette temaet.

3. Vi kan ikkje sjå at samverknadene av prosjektet Boge 3 og ”Overføringar til Herfangen: Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjørna” er gjort greie for. Det føreligg ikkje avgjerdsrelevant informasjon i utgreiingane for desse prosjekta som gjer greie for samverknad på vassføringa i Vaksdalsvassdraget. Minstevassføringsregima i prosjekta er utrekna og føreslått uavhengig av kvarandre og tek ikkje omsyn til samverknad.

4. Vi ber NVE vurdere om dei føreslåtte prosjekta i Vaksdalsvassdraget (NVE saksnummer 201203082 og NVE saksnummer 201300315), og dei føreslåtte vassføringsregima er i tråd med vassforskrifta §§ 5 og 12. Vi ber også NVE vurdere om dei føreslåtte prosjekta eventuelt kan føra til at Vaksdalsvassdraget står i fare for ikkje å nå tilstandsmålet om eit godt økologisk potensial.

5. Sidan det ikkje er gjort tilstrekkeleg greie for samverknader for hydrologi, landskap og friluftsliv, så kan vi ikkje tilrå prosjektet Boge 3 slik det no føreligg.

Med vennleg helsing

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Referansar:

¹ Sjå bygdebok for Vaksdal (band I): ” Vassrettane i Herfindalen er viktige for møllebruka på Boge og Vaksdal. 1866 fekk Gerdt Meyer tinglyst eit dokument som gav han rådevelde over 3 vatn i utmarka. Rett til oppdemming av vatna vart tinglyst 1875. 1878 vart eit stykke felles utmark utskilt og selt til Gerdt Meyer. Sjå bnr. 3. 1884 og 1892 vart det tinglyst dokument om stemmene ved Flatavatnet og Klenavatnet. 1899 fekk eigarane av Vaksdal Mølle rett til å leia avlaupet fra 4 vanntjørn til Flatavatnet. 1942 vart det tinglyst kontrakt mellom brukarane i Herfindalen og Vaksdal Mølle om regulering av Varatjørnane og utnytting av nedslagsdistriktet deira. Eigarane av Boge Mølle fekk rett til å demma opp Krosstjørnane 1898. I desember 1912 vart det gjort semje om at arbeidet med utbygging av vassdraget kunne setjast i gang straks. Semjene vart tinglyste 1954. 1913 vart Vaksdalsvassdraget skilt ut som eige bruksnummer. Sjå bnr. 10. Etter skøytet som vart tinglese 1916 hadde eigaren av Vaksdal Mølle rett til å ta i bruk turvande grunn til alle anlegg som stod i samband med utbygging av vassdraget, m.a. til kraftlinjer. Kjøparen hadde plikt til å levera kvar av seljarane 2 hk. Kraftstasjonen står på Ardalsflatane. Tomta vart utskild frå bnr. 2 1914. Sjå bnr. 11”. (vår understreking).

² Kartlegging av naturtypar i Vaksdal kommune:
http://fylker.miljostatus.no/Global/Hordaland/Dyr%20og%20planter/Biologisk%20mangfald/Vaksdal_Natyp_2005-04_Rdlv3-file1130.pdf

³ Sjå Landskapskartlegging av Hordaland fylke: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Planrettleiing/plantema/Landskap-i-plan/Landskapskartlegging-av-Hordaland-fylke/>

⁴ Sjå ”Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke med utgangspunkt i nasjonalt referansesystem for landskap” (Clemetsen et al. 2011): <http://www.hordaland.no/PageFiles/56722/2011-07-Verdivurdering-av-landskap-i-Hordaland-fylke-web.pdf>

⁵ Sjå brosjyra ”Skiturer i Bergsdalen” frå Bergen og Hordaland Turlag:
http://www.kuva.no/BergenTurlag/bergsdalen/Skiturer_Bergsdalen.pdf

Sjå også brosjyra ”Bergsdalen og Kvamsfjella: Fra Voss til Hardanger”:
http://issuu.com/kuvakuva/docs/bergsdalen_bergenturlag_dig2

⁶ Sjå ”Område for friluftsliv: Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland”:
http://www.hordaland.no/upload/Regional%20utvikling/kommunesamarbeid/pdf-filer/Regionale%20friluftsomrade%20i%20Hordaland_prosjektrapport2008-web.pdf

⁷ I innleiinga til fiskekartet for Ostefjord, første gong publisert i 2000, og gjeve ut i ei ny oppdatering i 2013 (Kartet er opphavleg eit fellesprosjekt og finansiert av kommunane Modalen, Osterøy og Vaksdal. Det er gjeve økonomisk stønad frå miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen i Hordaland og BKK): ”Målet med kartet er å gje den ukjende friluftsentusiast lett tilgang til detaljerte opplysningar om fiske og flotte naturopplevingar frå fjord til fjell ved Osterfjorden. Dette er eit planleggingskart for å gje oversikt. Det vert i tillegg vist til eigne detaljkart for kvart område, og det finnes fleire opplysningar om dei einskilde områda på internett”. Sjå: <http://www.vaksdal.kommune.no/turisme.321455.nn.html>